

NEDRE TVEITEN

ALVERSUND - ANNO 1860

Tekst: Johan Litleskare

Ein branntakst i frå 1860 gjev detaljert kunnskap om korleis det gamle rekketunet på Nedre Tveiten såg ut før utskiftninga. I dag står det fortsatt att ein rest av dette tunet, det som var stova og bu i den austre husrekkja.



05/11 - 1860 Takst (skisse)

12/09 - 1872 Ingen endring frå skisse (1860), men viser til takst av 19/01 - 1865 som har med den nye prestebustaden.






01/08 - 1877 Alt som i 1872, men no er gamal løa, flor og stall rivne og nytt reist vest for paktarhusa.

11/12 - 1879 Endringar: I den vestre husrekkja er no delen merkt stova og kjøk på skissa fjerna. Sengebua i austre rekkja har fått oppbyggnad (5 omfar), rimelegvis av tømmer frå det nedrivne.


18/12 - 1896 Endringar: I vestre husrekkja no den attståande søre sengebua med gang endra. Gangen er borte, trappa er flytt inn i bua og heile bua er trekt heilt inn til eldhuset (smia). I austre husrekkja er den nordre sengebua med svaler vekke.



Dei to husrekkjene + løa på Nedre Tveiten slik dei var plassert i 1860. Ortofoto viser stova, sengebua og eldhuset som fortsatt står att i i dag i frå det gamle tunet. Kart: Arild Sætre, teikning: Kjersti Isdal.



Dei to husrekkjene og løa på Nedre Tveiten illustrert etter opplysningar i branntakst frå 1860. Her er det oppgjeve breidde, lengde og høgdje på bygningsdelane, samt fleire detaljar. Døropningane på langsiddene i svalgangane var ikkje med i branntakst, og er plasserte etter døme frå andre bygningar. Bygdevegen går gjennom tunet. Teikning: Kjersti Isdal.



Dei to husrekkjene og løa på Nedre Tveiten illustrert etter opplysningar i branntakst frå 1860. Her er det oppgjeve breidde, lengde og høgde på bygningsdelane, samt fleire detaljar. Døropningane på langsiddene i svalgangane var ikkje med i branntakst, og er plasserte etter døme frå andre bygningar. Bygdevegen går gjennom tunet. Teikning: Kjersti Isdal.



NGO kart frå 1860 viser at bygdevegen gjekk mellom dei to tunrekkjene på Nedre Tveiten. Vegen har smalare markering enn postvegen til høgre i kartet, mellom Isdalstø og Seim. Kilde: www.kartverket.no (<https://www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=8902>)